


UTDELING AV FIREÅRSBOK



KJÆRE

Bø og Sauherad/Nes kyrkjelyd ønskjer å gje ei gåve til alle born i begge sokna som er fire år eller født i 2022.

Denne invitasjonen går til alle døypte i Midt-Telemark, men andre født i 2022 er også velkomne til å få gåva.

Gåva er ei bok med tittelen «Kyrkjeboka mi».

Vi følgjer venene Astrid, Sara og Sigurd gjennom eit heilt år. I barnehagen, heime, hos kvarandre, på tur i skogen og i kyrkja. Saman utforskar dei verda og deler både sorger og gleder. Går det verkeleg an å ha ein hemmeleg ven? Og kven kan eigentleg hjelpe oss når vi går oss bort? Kven skal redde fiskane i havet, om vi ikkje gjer det sjølve?

Boka følgjer årstidene og høgtidene i kyrkja, med forteljingar om Jesus, om skapinga, ei kveldsbøn og nokre kjente songar.

Boka blir delt ut på familiegudsteneste torsdag 15. oktober kl. 16.30 på Nes menighetshus, Holmenvegen 46, GVARV.

Familiegudstenesten startar med ein enkel middag.

Møt opp i god tid så vi kan registrere dei som skal ha boka.

Boka kan de få på bokmål eller nynorsk.

F I R E Å R S KLUBB

SAMLINGAR på NES MENIGHETSHUS - GVARV – Holmenvegen 46

Etter at dei har fått boka, inviterer vi til tre samlingar på menighetshuset for alle fireåringane (2022-kullet) der alle samlingane startar med ein enkel middag.

Samlingane er torsdag 23. oktober, 30 oktober og 6. november kl. 16.30 -17.45

Samlinga varer om lag 1 time og 15 min.

Da vil barna bli betre kjend med kyrkjeboka og forteljingar frå bibelen.

Det blir song og lek.

For å vita omtrent kor mange vi blir må du melde deg på til:

bokyrkje.no – påmeldingar – 4-årsklubb
eller helsing.no – påmeldinger – 4-årsklubb

innan tysdag 20. oktober

På samlingane tar alle med seg «Kyrkjeboka mi»



Vi håper å sjå deg der!

Har du spørsmål kontakt kyrjekontoret
på 35061040 eller 35101120

Beste helsing,
Bø, Sauherad og Nes kyrkjelyd
v/ Axel Bugge og Anne Ripegut
(prest og kokke)